



**MYKJE Å PRATA OM:** Forfattar Kjartan Rødland og tidlegare styreleiar i Vestnorsk Utvandringssenter, Olav Ståløy, hadde mykje å prata om på boksleppet i emigrantkyrkja.



**SENTRALE AKTØRAR:** Rolf Svellingen har redigert boka. Kjartan Rødland er forfattar. Åshild S.F. Thorsen er for tida vikarierende avdelingsleiar ved Vestnorsk Utvandringssenter, Oddmund Skjelvik, dugnadsmann og pådrivar. Asbjørn Østebø, delforfattar, og Olav Ståløy, tidlegare styreformann i Vestnorsk Utvandringssenter.

# Draumen som vart verkeleg

**RADØY:** Boka «Draumen som vart verkeleg» er forteljinga om korleis eit lokalsamfunn på dugnad flytta fleire emigranthistoriske hus frå Midtvesten i USA til Sletta på Radøy, og korleis Vestnorsk Utvandringssenter vart til.

**EGIL OLSVOLD**  
Tekst og foto

– Det finst gode bøker, det finst mange nokså vanlege bøker, men det finst og ei og anna bok som er heilt naudsynt. Denne boka er det. Ho er minnet om samfunnet som dei norske pionerane på prærien skapte for seg og sine, med kyrkje, skule, prærerieklinnikk, rådhus og fengsel. Men det handlar og om ei lita grend i ein liten kommune,

som på dugnad og eigen kostnad drog til Amerika og henta den norske historia på prærien, i siste liten før minna var borte, seier Kjartan Rødland, som har teke seg av tekstane i boka.

## Bokslepp i Emigrantkyrkja

Fleire av dei sentrale aktørane bak boka var samla til bokslepp i Emigrantkyrkja på Sletta torsdag før jul. Rolf Svellingen har vore redaktør for bokverket, som altså er ført i pennen av Rødland.

– Det har vore eit omfattande arbeid med kvalitetssikring, dokumentasjon, og sjekking av fakta. Det er eit stort kjeldemateriale med omsyn til fotografi og film, seier han.

Han gjev og honnør til Tom Arild Valdernes som har dokumentert historiene med bilde og film.

– Det er Eigarstyret og Veneforeninga til Utvandringssenteret som står bak boka, presiserer vikarierende avdelingsleiar for Vestnorsk Utvan-

dringssenter, Åshild S.F. Thorsen.

– Museumssenteret i Hordaland er og glad for dokumentasjonen om nordmenn i Amerika som er komen fram.

## Husa kjem heim att

– Vi har flytta verdfulle ting frå Amerika til Norge, fortel Asbjørn Østebø.

– Der husa stod vart dei ikkje vel tekne vare på. Likevel var myndigheitene i Salid County begeistra for ideen vår. Dei tilbød oss å sende husa over. Og no er det vorte slik at husa faktisk har meir besøk av amerikanarar enn dei hadde der dei stod. Vi møtte mellom anna Don Rust. Det er son til han som stod føre å gje kyrkja til Norge. No er han om lag 45 år, og er døypt, konfirmert og gift i kyrkja i Bramton. Han har norsk kone. Ho stammar frå Valdres. Han og alle amerikanarane vi møtte sette stor pris på at vi ville dokumentera amerikansk historie og. Vi møtte

velvilje over heile lina, fortel han.

Om boka seier han:

– Alle skal erkjenne at det er sant og rett det som står der. Boka kom til rett tid.

Asbjørn Østebø har skrive eit kapittel i boka om "Amerikagardar på Sletta.

## Ein «hemmeleg» idé

– Den første gongen eg høyrde om at det skulle flyttast ei kyrkje og andre norskamerikanske bygningar til Sletta var då Oddmund Skjelvik orda dette for meg. Han sa og at prosjektet måtte haldast "hemmeleg" inn til ein hadde fått på plass ein del avgjerande føresetnader. Eg tykte dette var spennande. Slettabygda hadde ei dokumenterbar emigranthistorie, og det ville vera kjekt om vi her på heimbane kunne få synleggjort denne sentrale delen av vår nasjonale historie. Tenk om vi kunne få noko slikt til Sletta!

Det fortel Olav Ståløy i føreordet til boka.

Kjartan Rødland hadde hovudinnlegget.

– Denne boka er heilt naudsynt. Då amerikanarane fekk høyra om prosjektet støtta dei opp om føretaket frå første stund. "La bygningane få koma heim att!" stemde dei i. Her på prærien står dei gamle kyrkjene tomme. Skulehusa står tomme. Det er viktig at de tek vare på den religiøse tradisjonen desse bygningane stod for. Etter 20 år er dei utflytta nordmennene vorte "ekte" amerikanarar, og lagt bak seg sine eigne tradisjonar og skikkar.

## Utfordringar

Rødland grunna litt over det moglege:

– Er det mogleg å demontera ei heil kyrkje, saman med fleire andre bygningar, senda dei til Norge i konteinar, for så å gjenreisa dei? Husa var bygde for amerikansk innlandsklima: Kalde tørre vintrar, og varme somrar. Korleis skulle dette gå på med vestlandsk klima? Men



**PRÆRIEBYEN:** Ein gong var det hundrevis av dei, «norske» småbyar på prærien i USA. No er ein av dei komen «heim» att, til Sletta i Radøy kommune.



**BYRJINGA:** Slik starta turen for dei fleste vestlendingar. Med robåt over fjorden, til næraste skystasjon og vidare til «Amerikabåten».

dei fekk det til. Motivasjonen har vore sterk, og ei drivkraft. Det vanskelegaste tek vi med ein gong. Det umoglege tek litt leng- er tid! sa han, og siterte tidlegare statsminister i Israel, Ben Guri- on.

Rødland runda av med eit ønskje for framtida:

– Når du ror ser du akterover, og held kursen etter akterstam- nen. Kanskje kan dette verta ein nasjonal dokumentasjon over menneske på flyttefot? Alle som arbeider med migrasjon i Noreg bør lesa denne boka. Det er eit eventyr som enda godt!



**Sølstrand Mur og Flis**

- Piperehablitering
- Ovn/pipe montering
- Alt i Flis/vårtomsarbeid
- Skifer/naturstein
- Mur og puss

**Tlf. 918 20 344**  
lasse.s@live.com



Vi ønsker alle våre kundar og tilsette eit riktig

**Godt Nyttår!**

**NYTTÅRSAFTEN ÅPENT**  
**10-15 (MAT 16)**

**KNARVIK**  **SENTER**

Møteplassen for handel og kultur